



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gunn Randi Bjørnevoll, 5764 3183

Akuttberedskap barnevern

Vi viser til dialog med kommunane i 2018 og 2019 om etablering av akuttberedskap for barnevernet, og til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet sitt brev datert 02.03.2019 om organisering av akuttberedskaper.

Vi viser òg til dialogmøte med kommunen i 25.08.2020, der Statsforvaltaren understreka at kommunen måtte etablere forsvarleg akuttberedskap for barnevernet som er tilgjengeleg for alle som treng det.

Sommaren 2022 fekk vi informasjon frå Gulen og Masfjorden barnevernsteneste om at dei frå 01.05.2022 kjøper akuttberedskap frå Alver. Vi sendte e-post den 15.09.2022 til barnevernsleiar i Alver og bad om informasjon om akuttberedskaper. Barnevernsleiar Sissel Mary Frotjold formidla i e-post til oss den 16.09.2022 at Alver kommune har etablert akuttberedskap barnevern for kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden. Akuttberedskaperen er organisert som vaktlag på jobb i tida utanom ordinær kontortid, og Politi, legevakter, Barnevernsvakta i Bergen og nokre fleire kan få tak i vaktlaga via eit telefonnummer som ikkje er offentleg. Ho viste til at kommunen ikkje har moglegheit for å ha barnevernsvakt slik større byar har, og at det derfor ikkje er eit offentleg nummer som barn, unge og foreldre kan nå barnevernstenesta på.

Vår vurdering og vidare oppfølging

Ut frå den informasjonen vi har fått, har ikkje Alver kommune forsvarleg akuttberedskap for barnevern.

Barnevernloven § 1-1 slår fast at barnevernstenesta skal sikre at *«barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid»*. Dette ansvaret gjeld heile døgnet. Vi viser til Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) si tolkingsuttale av 11.06.2006, der dei presiserer at ein forsvarleg akuttberedskap inneber å ha tilstrekkeleg og riktig kompetanse tilgjengeleg utanom vanleg kontortid. Det kan minimum vere ei bakvaksordning per telefon.

Vi legg til grunn at kommunen har etablert ei ordning med tilstrekkeleg barnevernsfagleg kompetanse tilgjengeleg utanom ordinær arbeidstid. Når vi likevel har kome til at dette ikkje stettar



kravet til ein forsvarleg akuttberedskap, så handlar dette om måten de har valt å organisere denne på.

I brev 02.03.2019 skriv Bufdir at ein akuttberedskap ikkje er forsvarleg organisert når politiet må kontaktast for å få bistand frå barnevernstenesta utanom kontortid. Ved at barn og familiar må gå via politiet eller andre tenester for å få hjelp frå barnevernet, er det ein risiko for at dei ikkje tek kontakt. Dette kan medføre at barn og unge i akutt krise ikkje får nødvendig hjelp frå barnevernet til rett tid. Ei slik organisering vil også kunne ha betydning for korleis offentlege instansar vurderer og utøver meldeplikta si.

På bakgrunn av dette meiner vi at Alver kommune ikkje har ein forsvarleg akuttberedskap i tråd med krava og barnets beste. Vi vil understreke plikta kommunen har til å få på plass ei forsvarleg barnevernsteneste med eit offentleg telefonnummer, slik at dei som treng hjelp frå barnevernstenesta kan få tak i barnevernet når dei treng det. Det er ikkje forsvarleg at dei må gå via politi eller andre tenester for å få tak i barnevernet.

Vi ber om tilbakemelding frå kommunen om at forsvarleg akuttberedskap er på plass innan 20.12.2022.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen
Seksjonsleiar

Gunn Randi Bjørnevoll
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Bufdir 11.06.2022 – tolkingsuttale om akuttberedskap i kommunalt barnevern

Bufdir 27.08.2018 – tolkingsuttale om organisering av akuttberedskap og vedtakskompetanse i hastesaker

Bufdir 02.03.2019 – tolkingsuttale om organisering av akuttberedskap

Kopi til:

Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK